

Svar på interpellasjon frå Leif Johnsen (MDG) 6. mars 2019

Ordførar viser til svara som tidlegare er gjeve til representanten Leif Johnsen, både som kommunestyrerepresentant (grunngeve spørsmål 31.10.2018 og interpellasjon 12.12.2018) og som representant for Mjåtveitelvens Foreining (spørjetimen 20.6.2018). I dei svara er gjerne alt det blir spurt om tidlegare svart på, både det som gjeld verdsansvaret, dei avbøtande tiltaka og oppfølging av uheldige episodar. Og alle dei tiltaka som er sett i verk i området viser at kommunen tar dette ansvaret på alvor.

Kort kan ein seie at kommunen følgjer opp gjennom rammene i plan- og bygningslova og anna lovverk. Dette gjeld og sikring mot forureining. Utbyggjarar har eit sjølvstendig ansvar for at aktiviteten skjer i tråd med rammene som er sett i reguleringsplanar, igangsetjingsløyve og andre bestemmingar.

Alle desse sakene har blitt behandla i Utval for drift og utvikling, som er fagutvalet, også ev. klagar. Utvalet var også på synfaring i området for om lag 14 dagar sidan, her deltok også ordførar. Eg vil foreslå at rådmannen gir ei orientering om dei avbøtande tiltaka som er sett i verk i heile området og samstundes gir ei vurdering av desse.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber rådmannen gi ei orientering til Utval for drift og utvikling om dei avbøtande tiltaka som er sett i verk i Mjåtveitvassdraget og gi ei vurdering av desse.